

Aktivitetsplan 2016/2017

Dato	Arrangement	Komite
Tys. 15. mars	Årsmøte TPM	Styret
Tys. 17. mai	Nasjonaldagspeling	Styret
Laur. 21. mai	Dugnad i Torskangerpoll	Sosialkomite og matkomite
Sønd. 28. mai	Stormfestivalbriefing	Alle i korpset pluss hjelperar
Fred. 3. - 5. juni	Stormfestival	Alle i korpset pluss hjelperar
Tys. 16. aug	Sesongstart	Styret
Fre. 2. -4. sep.	Øvingshelg m gjesteinstruktør	Styret og noteutvalet.
Lau. 8. - 15. okt.	Calcellafestival	Anne Mari, Johanne, Asbjørn, Stine.
Fre. 21. okt.	Heim i Haust	Reidunn, Tove, John Inge, Erling.
Søn. 23. okt.	Basar	Ingunn, John, Marte, Espen, Ola V, Alice.
Søn. 18. Des.	Julekonsert	Styret
Fre. 6. - søn. 8. jan.	Øvingshelg eigen dir.	Styret, Noteutval og nyttårskonsertkomite.
Lau. 14. jan 2017	Nyttårskonsert	Sølvi, Asbjørn, Jonathan, Mathias, Kari, Eli.

Tid for å fornye abonnement på Vredens Gnag

Dersom du vil ha dette bladet som kjem ut 8-10 gonger i året, så må du betale vedlagt giro på 150 kroner eller til kontonummer 3705 24 26104 innan 10. mai.

Samstundes er du med å støtte drifta av Torskangerpoll Musikklag og kulturlivet i Vågsøy.

Du må hugse å skrive namn på giroen på kven du betalar for. Har du ikkje fått giro, eller vil betale så kontakt

Tor Åge Gravdal: 97511510 eller toraagegravdal@hotmail.com

- Kva med å spandere bladet på nokon du kjenner?



Mange lever av å klippe håret og stelle godt med kvarandre ...

God påske

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 03

23. årgang

Mars 2016



Snart er det klart for ny festival

Første helga i juni, 3. til 5. juni, er det klart for ny stormfestival. Planlegginga har pågått i eitt år, og det kan bli ein fargerik fest i Måløy og Torskangerpoll. Det nye denne gongen er at endå fleire kor blir med. - Vi har ikkje heilt oversikt over kor mange korps og kor som blir med, og kor mange deltakarar som kjem, men interessa for festivalen er stor, seier Asbjørn Våge. Han koordinerer påmelding og har kontakten med dei som melder seg på. Laurdagen blir det liv og røre med sang og musikk i Måløy på føremiddagen. Ettermiddagen blir det rorbifest i Torskangerpoll med konkurranse, stormsuppe, tørrsild, sang og musikk. Dette kan bli moro, og vi gler oss til å vise fram distriktet vårt.

www.torskangerpoll.no

Her er det nye styret i T.poll



15. mars var det årsmøte i Torskangerpoll musikklag. 26 medlemmer møtte opp, og det vart eit godt møte der vanlege årsmøtesaker, rekneskap og budsjett vart behandla.

Etter valet er det desse som styrer:

Leiar: Johan Einar Wåge

Nestleiar: Terje Wåge

Styremedlem: Laila Berg

Styremedlem: Johanne Velle

Styremedlem: Tor Åge Gravdal

Vara til styret: Laila Mykland

Vara til styret: Sølvi Loen

Noteutval:

Erling Wåge

Terje Wåge

Jonatan Nyborg

Dirigent

Uniformsansv.: Anne Mari Knotten

Instrumentforvaltar: Terje Wåge

Noteforvaltar: Ola Refseth

Bordforvaltar: Gravdalgruppa

Revisorar:

John Svarstad

Eli Refvik

Valnemnd:

Erling Wåge

Ingunn Kvalheim

Linda Bakke

Husstyre i Gravdal:

Asbjørn Wåge

Tor Åge Gravdal

John Inge Wåge

(Val av ny Gravdalgruppe vart utsett.)

Hans Ole Færestrand sin hyllest til postkassa:

På sosiale media fann vi denne som utløyste nokre kommentarar nyleg:

Eg gjekk meg en tur forbi postkassene i kveld då eg brått vart var at dei snakka til meg: "Hei på deg, kan du fortlje oss kva gale vi har gjort som ikkje får arbeide på laurdagar lenger? Vi står no her likevel og skulle gjerne hatt eitkvart å gjere. Blir kjedelig å stå slik og henge utan mål og mening." Eg fann det tryggast å ikkje svare sidan Ronny Silden Totland kanskje var innanfor høyrevidde og kunne finne på å ringe 113 om han skulle sjå meg stå her og snakke med postkassene. I staden gjekk eg bort og kika ned i nr 2 frå venstre som har teke trufast hand om posten min i over 30 år. Der var tomt som i ei kommunekasse.

"Beklager, men eg er tom" sa ho. "Trur ikkje eg har meir å by på no før på mandag. Viss ikkje Erling Wåge, Johan Einar Wåge eller nokon andre frå Torskangerpoll Musikklag kjem med Vredens Gnag då. Det er snart det einaste eg kan by deg utanom Jysk og Europris avisene som eg msitenkjer at du likevel ikkje les, sidan du sjeldan lar deg irriterere over at dei har blitt gjennomvåte når lokjet mitt bles opp i søvesten." Eg trur ikkje det kjem Vredens Gnag. Redaksjonen er sikkert for opptekne med å planleggje Stormfestival, sa eg. Men no må eg gå før Ronny Silden Totland oppdagar at eg snakkar med deg. "Ikkje bry deg om han sa ho, han kan passe si eiga kasse"

Jarl Wåge skriv: Det er så bra, Hans Ole. Brått var eg i Vågsvåg igjen. Butikkjen er vel ikkje i funksjon på laurdagar

heller? Nostalgi.

Hans Ole Færestrand skriv så: I dag låg faktisk Vredens Gnag i postkassa når eg kom heim frå jobb. For dei som ikkje kjenner til den så er det altså eit slags menighetsblad for Torskangerpoll Musikkfrelste med mykje nyttig og ikkje minst unyttig informasjon om kva denne besynderlige



flokken av messingblåsarar driv på med. I dagens utgåve var det mellom anna eit oppslag over to sider om at dei fekk applaus etter ein konsert i Stryn sist helg. På siste sida som vanleg aktivitetsplanen med mellom anna Stormfestival 2016 - Torskangerpoll musikklag og også eit fint bilde av sjåfør Johan Einar Wåge. Eg vil i dag oppmode alle med postkasse om å teikne abonnement på bladet og på den måten støtte opp om Torskangerpoll Musikklag og også vere med å halde postkassene våre med arbeid i nokre år til. Eg veit ikkje korleis de må gå fram for å teikne abonnement, men det er sikkert noken i radaksjonen som kan legge ut informasjon om det her.

Rett nok kan vi blitt litt vasstrukne og værsluke etter ein over gjennomsnittleg våt og vindfull start på året, men har vi ikkje komme over det før vil nok Stormfestival 2016 - Torskangerpoll musikklag kurere oss så vi kan halde det gåande i ca tre år til. Meir usikker på korleis det vil gå med postkassene. Fryktar for at det kan ende med at nokon av dei må gå på NAV og søkje om omskulering til Fuglekasser.

Johan Einar Wåge skriv: Ta kontakt med Tor Åge Gravdal tlf 975 11 510 om du vil abonnere på menighetsbladet Vredens Gnag (VG).